








# Vekeplan 3. trinn veke 23



	Måndag 03. juni	Tysdag 04. juni	Onsdag 05. juni	Torsdag 06. juni	Fredag 07. juni
08.30	<b>Idrettsdag på stadion</b>  	<b>Tur til Storaskjenet med aktiviteter</b> 3.4. og 5. trinn går saman  	<b>Tur til Haganesparken</b> Vi kjører båt tur/retur  	<b>Vi slår leir i Lonaskogen</b> Leik og aktivitetar  	<b>Tur til Hald stadion</b> Fotballkamp mellom 7. trinn og lærarane  
	Slutt kl. 12.45	Slutt kl. 12.45	Slutt kl 14.00	Slutt kl. 12.45	Slutt kl. 12.45

### Dette må de ta med til dei ulike dagane:

<b>Møt opp i treningsklede/ joggesko.</b>  <b>Ta med ekstra mat og drikke.</b>	<b>Møt opp i turklede og tursko. Lurt med ein tursekk med mat og drikke.</b>  <b>Ta med ekstra mat og drikke,</b>	<b>Møt opp i turklede. Ta med redningsvest (om du har), badetøy og handkle. (husk å merke med namn)</b>  <b>Ta me ekstra mat og drikke</b>	<b>Møt opp i turklede.</b>  <b>Ta med ekstra mat og drikke.</b>	<b>Møt opp i treningsklede/ joggesko.</b>  <b>Dei får ein hotdog - men ta med mat i tillegg.</b>
--	---	--	---	--

### Vekelekse:

Øv på songen "ein farfar i livet" - øv litt kvar dag (vi må øve så vi kan den utenat til bestefesten).

<https://www.youtube.com/watch?v=7K5K4fBFGmw>

Dei som skal lese dikt må øve litt på dette også. (Elevane som har lyst å lese vil få dette med seg heim i papitform)

### Mål

Faglege mål:	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utforske eit naturområde og drøfte bærekraftig bruk av området.</li> <li>- Designe og lage eit produkt basert på ein kravspesifikasjon.</li> <li>- Utforske og gjennomføre leiker, idrettsaktivitetar, dansar og andre rørsleaktivitetar.</li> <li>- Utforska uteaktivitetar og samarbeid med andre under veklande årstider og i nærmiljøet.</li> <li>- Øve på og bruke basisferdigheiter som å føre, kaste, sprette, sparke og ta imot ball i ulike rørsleaktivitetar.</li> </ul>
Sosialt mål:	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eg seier og gjer gode ting for andre.</li> <li>- Eg samarbeider godt med mine medelevar.</li> <li>- Eg skaper relasjonar til nye elevar og vaksne.</li> </ul>

### Informasjon til heimen

**Informasjon om Uteskuleveke:** Denne veka skal alle klassene på skulen ha ulike opplegg ute alle skuledagane. Vi ynskjer at alle elevane stiller på skulen ferdig kledd for tur.

**Måndag:** Idrettsdag på Skogsvåg stadion. Elevane gjennomfører mange ulike aktivitetar, alt frå friidrett med kulestøt, 60 meterern og hoppe lengde til leik og fotballskule. Denne dagen er det viktig at elevane kjem kledd til å vere ein dag på Skogsvåg stadion og at dei har litt ekstra mat og drikke med seg i sekken.

**Tirsdag:** Skal vi vere saman med 4 og 5 trinn. Vi skal ha samarbeidsoppgåver på skuleplassen før vi går tur, mot Storaskjenet og ned att i leikeskogen. Undervegs vert det ulike leikar og vi et maten vår. Så kle dei for tur, ha sko og yttertøy som passar til vêret. Ta med ein tursekk til mat - Ta gjerne med litt ekstra mat og drikke.

**Onsdag:** Skal vi på tur til Haganesparken saman med 4. trinn. Vi møter på skuleplassen 08.30 og går saman til båten som står og ventar på oss. (Dei frå Haganes som ynskjer å møte oss i Haganesparken, gjev oss ein melding på Transponder - så vi veit kvar dei er). Denne dagen vert det utesymjing, leik, feesbeegolf og stafett. Så det er viktig at alle får med seg badetøy og handkle. Fint om alle som har redningsvest tar dette med. Dersom det er nokon som har ekstra redningsvester, ta gjerne denne med, så vi er sikker på at vi har nok. Skulen har nokre lånevestar.

**Torsdag:** Går 3. trinn aleine til Lonaskogen, der skal vi "slå leir". Vi skal lage oss ein leirplass og vi skal prøve bruke stormkjøkken. Kle elevane for ein tur i Lonaskogen. Ta med tursekk med mat og drikke.

**Fredag:** Skal heile skulen til Hald stadion. Då vert det kanonballturnering for alle trinn og fotballkamp 7. trinn mot lærarane. Denne dagen vil alle elevane få kvar sin hot dog, men ta med eigen mat og drikke i tillegg.

**Bestefest:** Det vert bestefest 11. juni. Meir informasjon med påmelding er komen på transponder.

Telefon kontor 56122520

Kontaktlærarar:

Jannicke: [jannicke.hoyland@oygarden.kommune.no](mailto:jannicke.hoyland@oygarden.kommune.no)

Heidi: [heidi.angeltveit@oygarden.kommune.no](mailto:heidi.angeltveit@oygarden.kommune.no)